

Årsmelding FAU Manger skule 2015 – 2016

Representantar for FAU Manger skule 15/16:

Geirunn Valdersnes - Leiar	Knut Tore vangen- Nestleiar
Lin Tove Thomassen- Skrivar	Else Marie Nødtvedt - Kasserar
Bodil K. Unneland	Stian Berg Andersen
Stine Osa	Konrad Risnes
Frode Ynesdal	Ingunn Halland
Hilde K. Keightley	Bjarte Grindheim
Frode Floen	Vidar Grindheim

Alle representantane i FAU har møtt til 3 møter, ein representant frå kvar klasse deltok i 17. mai komité, og der har det vore ca. 13 møter totalt.

FAU har drøfta desse sakene i møta:

- Val av 17.mai komité og val av foreldrepraesentantar og vara til skulemiljøutvalet.
- Skuleruta, einstemmig vedteke slik framlegget til Rådmannen låg føre.
- FAU-vedtektene: samansetjing av FAU. Heile FAU vert skifta ut kvart år og i tillegg tel FAU heile 14 representantar. Vedtektene bør bli endra til at der det er overlapping frå år til år.
- Betaling til Manger skulemusikk for å spele på 17.mai: FAU hadde to ubetalte faktura frå Manger skulemusikk på til saman 15 000kr. Faktura på lån av utstyr og dirigentutgifter for både 2014/15. Førre 17.mai komité var ikkje samd i kravet og det var ikkje gjort avtale i forkant. 17.mai komité var i kontakt med Manger skulemusikklag sitt styre og prisen blei ikkje redusert. FAU har vurdert om det bør vurderast andre alternativ. Å arrangere 17.mai er kostbart, det er drøfta om ein bør forsøke å få sponsorer eller at Kommunen står for rekninga?
- Alle klassar har fått 3000kr frå FAU etter 17.mai arrangementet.
- Deling av 2.klasse for å redusere belastningane både for lærer og elevar: FAU er einig i dette og at det bli to klassekontaktar for kommande 3.klasse.
- Rehabilitering av gymsalen: FAU vil at arbeidet med gymsalen kjem i gang så rakst så mogleg, og støtta difor alternativ 1, som er å utvida og rehabilitera garderobane og fjerna scena slik at gymsalen blir noko større. Rehabiliteringa vil også starta opp rakst, i forhold til alternativ 2, som er å bygge ny gymsal.
- FAU er positiv til at det vil bli bygget ein klatrepymade på skuleplassen.
- Informasjon frå FUG(Foreldreutvalget for grunnutdanninga) om støtte til flyktningeborn og deira familie i integreringa. FAU konkluderte med at det ikkje er noko behov på Manger skule til å engasjere seg for våre flyktningeborn på skulen. Dei vert godt ivaretatt. Dersom nokon ynskjer å gjera noko for flyktningeborna, er FAU open for forslag.

Manger, 14.09.16

Geirunn Valdersnes

Geirunn Valdersnes

FAU -leiar

Knut Tore Vangen

Knut Tore Vangen

Nestleiar